



Referat frå årsmøte 2014

Volda Ungdomsskule 19. februar 2015 – kl 19.00 – 19.40

Frammøtte: 32 medlemmar med stemmerett.

- 1. Opning, godkjenning, val av møteleiar og referent.**

Årsmøtet vart opna med eit minutt stillheit for å minnast dei medlemmane som var gått bort sidan førre årsmøte. Innkallinga og sakslista vart godkjent utan merknader. Herulf Brattli vart valt til møteleiar og Frode Opsvik vart valt til referent.
- 2. Årsmelding frå styret.**

Årsmeldinga for 2014 vart lesen av Frode Opsvik. Årsmøtet hadde ingen merknader til denne, og årsmeldinga vart godkjent.
- 3. Rekneskap for 2014.**

Jan Lidvar Vikestrand presenterte årsrekneskapen for 2014.
Nokre hovudtal:
Sum anleggsmidlar: 1.949.119,23 mot kr 4,00 for 2013
Sum omløpsmidlar: 525.055 mot 1.382.336 for 2013
Sum eigenkapital: 2.474.174 mot 1.382.000 for 2013
Inntekter: 852.278. Utgifter: 553.136.
Årsresultat: 196.582.
Revisor Trond Lillebø har gått gjennom rekneskapen, og har ikkje kome med merknader til denne. Herulf Brattli leste revisormeldinga. Årsmøtet godkjende rekneskapen.
- 4. Fastsetting av hamneavgift og pris pr breiddemeter for 2015.**

Framlegget frå styret er å halde hamneavgifta og breiddemeterprisen uendra for 2015. Altså: Hamneavgift kr 1500,- for medlemar med fast plass og kr 700,- for medlemar utan fast plass, og breiddemeterpris kr 17000,-
Framlegget vart vedteke samrøystes.
- 5. Val**
 - A. Valnemnda sitt framlegg til styreleiar for 1 år, Inge Innerdal, vart vedteke samrøystes ved akklamasjon.
 - B. Valnemnda sitt framlegg til nye styremedlemmar for 2 år, Bjørnar Sæterås og Asbjørn Tore Humberstet, og til ny styremedlem i 1 år Bjørn Osdal vart vedteke samrøystes ved akklamasjon.
Valnemnda sitt framlegg til ny varamedlem for 2 år, Herulf Brattli, vart vedteke samrøystes ved akklamasjon.
 - C. Valnemnda sitt framlegg til nye vedlikehaldsnemnder er;
Vedlikehaldsnemnd Rotsethamna: Jostein Stavdal og Arne Ullaland.

Vedlikehaldsnemnd Sentrumshamna: Eiliv Kvammen, Knut Insetset og Jon Rønnestad.
Framlegget vart vedteke samrøystes ved akklamasjon.

D. Valnemnda sitt framlegg til revisor, Trond Lillebø, vart vedteke samrøystes ved akklamasjon.

E. Valnemnda sitt framlegg til ny valnemnd, Jon Harald Sandbløst, Stian Meek og Jostein Aasen vart vedteke samrøystes ved akklamasjon.

6. Hamnereglar.

Herulf Brattli presenterte styret sitt forlag til Hamnereglar. Formuleringane vart lesne og viste på skjerm.

Desse punkta vart særskild drøfta, kommentert og endra:

Fortøyning: Bytte ut båt lengd med skroglengde. Fjerne kravet om 25 cm, men skrive at fender må henge fritt. Baugspyd skal ikkje vere til hinder for ferdsel på flytebryggene og i hamnebassenget. Formuleringa om tyngre båtar vert strøken.

Vektgrense: Vektgrensa som var foreslått er for lav. Endra til 10 tonn for 8 metersplass og 14 tonn for 10 metersplass. Utriggjarane for tomme båsar skal ved lengre fråvær bindast saman i front.

Med desse endringane vart framlegget til hamnereglar vedtekne.

7. Innspel frå Lotteritilsynet

Herulf Brattli orienterte om kva endringar som må gjerast i vedtektene for at Småbåtlaget skal kome inn under ordninga med momskompensasjon. Styret foreslo å sette ned ei arbeidsgruppe for å formulere om vedtektene i tråd med Lotteritilsynet sine innspel.

Årsmøtet drøft saka i grupper. I oppsummeringsrunden etter dette var det fleire som trekte fram desse momenta:

- Vi er ikkje sikre på å få kompensasjon sjølv om vi søker.
- Pengar er ikkje alt, laget har eigentleg god økonomi.
- Det var særskild tap av arverett som vart sett på som problematisk.

Ingen stemde for styret sitt framlegg til vedtak, og forslaget fall.

8. Forslag til vedtektsendringar

Herulf Brattli orienterte om styret sitt forslag til vedtektsendringar.

Punktet om dugnad vart drøfta.

Punktet om utleige vart også problematisert.

Det kom innspel frå årsmøtet om at det hadde vore meir formålstenleg å dele opp forslaga til vedtektsendringar i separate saker slik at det kunne røystast over kvart einskild punkt.

Styret sitt forslag til endringar fall mot 3 stemmer.

Herulf Brattli overleverte klubba til den nye styreleiaren Inge Innerdal, og takka det gamle styret for arbeidet som har vorte lagt ned i løpet av året. Inge Innerdal runda av og ønskte vel heim.

Volda den 19. februar 2015
Frode Opsvik
-referent